



Uskedalsbrødet er framleis eit tema som engasjerer uskedelingar og andre. No har det kome forslag ikkje berre om andre namn, men også om slagord. Først to innspel om namnet:

Hans Skorpen meiner at brødet bør heite 'Brødskorpo' ettersom Skorpo ligg rett utanfor Uskedalen og er ein del

av bygda.

Rita Schneider Ramondou skriver: 'Synes betegnelsen alt er OK jeg, hvorfor ikke kalle brødet for USKEDALSBRØDET?'

Så over til det ein kan kalla slagord:

Irene Instanes foreslår på vegne av slekta frå Kinsarvik dette slagordet:

'Spar deg for baking og kav, kjøp Uskedalsstompen på Sanen Spar'

Reidun Eiks forslag til slagord er dette:

'Du får Uskedalsstompen på Sanen frå Sundemanen'

Av Ola Matti Mathisen